



Nils Arne Spjeld

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2581 - 16/20796

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

31.10.2016

## Godkjenning av søknad om utsett arbeidsfrist SMIL-prosjekt rydding av innmarksbeite Gbnr. 48/5 Skurtveit

**Administrativt vedtak. Saknr:**

### Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 29.10.2016.

Meland kommune har motteke søknad frå Nils Arne Spjeld om at fristen for å gjere ferdig SMIL-tiltak som det er løyvd midlar til vert utsett. Tiltaket gjeld rydding av innmarksbeite på gnr. 48 bnr. 5 på Skurtveit saknr. 13/776. Arbeidsfristen går ut 30.11.2016.

### Vurdering:

Prosjektet har kome godt i gang, men at noko arbeid står att. Søkjer har trong for meir tid for å få fullført prosjektet. Søkjer opplyser at grunna lange arbeidsdagar og lang reiseveg ikkje vil rekkje arbeidsfristen. Søkjer opplyser at ca. 75 % av arealet er ferdig rydda for einer og sitkagran.

Det er høve til å forlenga fristen arbeidsfristen med 2 år fram til 30.11.2018, og søkjer ber om at fristen vert utsett med 2 år. Kommunen vurderer det slik at den grunnen som ligg bak at arbeidet ikkje blir avslutta innan fristen, må akseptast. Kommunen legger vekt på at arbeidet er godt i gang, og det er viktig at arbeidet blir ferdigstilt. Kommunen meiner det er positivt at jordbruksareal kjem i drift og vert rydda slik at dei kan bli godt beite igjen, og utsett frist vert godkjent.

### Vedtak

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

«Meland kommune gjev med dette Nils Arne Spjeld utvida frist til 30.11.2018 med å gjennomføra tiltaka som det vart løyvd pengar til i delegert vedtak, sak 13/776. Det er ingen endring i vilkåra som gjeld for gjennomføring. Kommunen syner i denne samanheng til vedtaket som vart fatta i delegert vedtak, sak 13/776.

Vedtaket har heimel i §3 i forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland

5020

BERGEN

**Mottakere:**

Nils Arne Spjeld